



## SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200706479  
Arkivnr. 712  
Sakshandsamar Morvik, Hild Kristin

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	20.09.07	217/07

## UNIVERSELL UTFORMING AV IKT I NY LOV - FRÅSEGN

Fylkesutvalet 20.09.07

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Fylkesutvalet viser til fylkesdelplanen Deltaking for alle – universell utforming, vedtatt i 2005. Digital deltaking er eit tema i planen, og overordna regionalt mål lyder: ”Alle IKT-produkt,-innretningar og –tenester skal vere universelt utforma frå og med 1.1.2009.”

Fylkesutvalet er nøgd med forslaget om at IKT kjem inn i ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov med tidsfristar.

Frist for oppgradering av eksisterande IKT bør ikkje vera seinare enn 2019.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 24. september 2007

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

*Hildrid Bertelsen*

**SAKNR.** 217/07  
**MØTEDATO** 20.09.07

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>	<b>Saksordfører</b>
Fylkesutvalet	20.09.07	217/07	

## **Universell utforming av IKT i ny lov - fråsegn**

Forslag til innstilling, sjå saksframlegg.



Arkivsak 200706479-2  
Arkivnr. 712  
Saksh. Morvik, Hild Kristin

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	20.09.2007

## UNIVERSELL UTFORMING AV IKT I NY LOV – FRÅSEGN

### SAMANDRAG

Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID) og Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) har sendt eit forslag om innføring av tidsfrister for krav om universell utforming av IKT på høyring. Forslaget er ein oppfølging av eit forslag frå eit mindretall av Syse-utvalet, jf. NOU2005: 8 *Likeverd og tilgjengelighet*.

AID og FAD forslår at tidsfrister for universell utforming av IKT vert lovfesta i ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov og at virkeområde for lova omfattar all IKT retta mot ålmenta.

AID forslår at kravet om universell utforming av all IKT retta mot ålmenta for **ny IKT skal** gjelde frå 1. januar 2011.

AID vil og ha synspunkt på om det i tillegg bør leggst opp til ei endeleg frist 1. januar 2021 for når all **eksisterande IKT** retta mot ålmenta skal vere universelt utforma.

Fylkesutvalet handsama NOU 2005: 8 i 2005 ( FUV sak 262/05), og meiner at plikta til universell utforming også skal gjelde IKT.

Fylkesdelplanen Deltaking for alle - universell utforming sett tidsfrister for universelt utforma IKT-tenester og produkt ( 2009-2019).

Fylkesrådmannen er positiv til forslaget. Det er i samsvar med fylkesdelplanen. 1. januar 2019 bør vere ein passande frist for oppgradering av eksisterande IKT.

## FORSLAG TIL VEDTAK


Fylkesutvalet viser til fylkesdelplanen *Deltaking for alle – universell utforming*, vedtatt i 2005. Digital deltaking er eit tema i planen, og overordna regionalt mål lyder: ”Alle IKT-produkt,-innretningar og –tenester skal vere universelt utforma frå og med 1.1.2009.”

Fylkesutvalet er nøgd med forslaget om at IKT kjem inn i ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov med tidsfristar.

Frist for oppgradering av eksisterande IKT bør ikkje vera seinare enn 2019.



Paul.M.Nilsen



Jan Per Styve

Vedlegg: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/aid/dok/hoeringer/hoeringsdok/2007/Horing--Forslag-om-innforing-av-tidsfris.html?id=475953&epslanguage=NO>

## 1. Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID) og Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) har sendt eit forslag om innføring av tidsfrister for krav om universell utforming av IKT på høyring. Forslaget er ein oppfølging av eit forslag frå eit mindretall av Syse-utvalet, jf. NOU2005: 8 *Likeverd og tilgjengelighet*, som tidlegare har vore på høyring.

I Soria Moria-erklæringa blir det slått fast at all teknologisk utvikling innan media og IKT skal bygge på universell utforming.

I St.meld nr. 17 (2006 - 2007) *Eit informasjonssamfunn for alle* er universell utforming av IKT tydeleg formulert som satsingsområde.

NTNU samfunnsforskning fekk i oppdrag frå FAD å greie ut tidsfrister for universell utforming av **ny og eksisterande IKT** i ei ny diskriminering og tilgjengelighetslov.

## 2. Høyringsnotatet

### Definisjon, lovforankring, virkeområde og tidsfrist.

AID foreslår følgjande definisjon av IKT:

*"Med informasjons – og kommunikasjonsteknologi (IKT) menes teknologi og systemer av teknologi som anvendes til å skape, omdanne, utveksle, mangfoldiggjøre og publisere informasjon i form av tekst, lyd, bilder og/eller tall. IKT er avgrenset fra teknologi og systemer av teknologi hvor hovedfunksjonen ikke er tilegnelse, lagring, omdanning, administrering, kontroll, framvisning, publisering, endring, utveksling, overføring eller mottak av informasjon."*

Med denne definisjonen vert både billettautomatar, minibankar, køsystem knytta til generell kundehandsaming, reiseinformasjon og transport, virtuelle turar gjennom bruk av IKT installasjonar i bygningar, saman med internettsider rettet mot ålmenta omfatta av omgrepet.

AID og FAD forslår at tidsfrister for universell utforming av IKT vert lovfesta i ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov og at virkeområde for lova omfattar all IKT retta mot ålmenta.

AID forslår at kravet om universell utforming av all IKT retta mot ålmenta for **ny IKT** (det vil seia neste løysingsversjon) skal gjelde frå 1. januar 2011. Grunngevinga for denne tidsfastsettinga er at det først må utarbeidast naudsynte standardar / retningsliner for aktuelle teknologiområde før krav om universell utforming kan innførast. Arbeidet vert vurdert til å ta om lag 18-24 månader, og vil snarleg bli sett i gang.

AID vil og ha synspunkt på om det i tillegg bør leggest opp til ei endeleg frist 1. januar 2021 for når all **eksisterande IKT** retta mot ålmenta skal vere universelt utforma.

### Plassering av tilsynsmyndigheit, organisering av informasjons - og rettleiingsarbeidet, heimel for reaksjonar ved manglande oppfyljing av kravet og dispensasjonsadgang.

AID foreslår at eit nytt oppretta Forvaltningsorgan under FAD med standarisering av all IKT som arbeidsområde skal føre tilsyn med at krava om universell utforming av IKT vert overhaldt. Forvaltningsorganet vert også tillagt informasjons- og rettleiingsansvar i arbeidet med innføring av krava om universelt utforma IKT.

Det foreslås vidare at Forvaltningsorganet kan fastsette pålegg om retting med vidare mot ei verksemd som ikkje følgjer opp krava, og at det vert mogleg å treffe vedtak om tvangsmulkt for å sikre gjennomføring av pålegg.

Alternativet er å legge tilsynsansvaret til Likestillings- og diskrimineringsombodet og Likestillings- og diskrimineringsnemda som er tillagt handheving av diskrimineringsvernet.

Etter AID si meining bør det vere ei høg terskel, t.d. omsyn til tryggleik og personvern, for å gi dispensasjon frå kravet om universelt utforma IKT.

Konsekvensanalysen frå NTNU legg til grunn at det vil vere beskjedne kostnader knytta til innføring av krav om universelt utforma IKT.

### 3. Vurdering

Fylkesutvalet handsama NOU 2005: 8 Likeverd og tilgjengelighet 25.11 2005 (FUV sak 262/05) og slutta seg til meldingens prinsipper.

I punkt 7. saka står det:

*" Fylkesutvalet viser til §11 og meiner at plikta til universell utforming også skal gjelde IKT og samferdsel, slik at det blir sett krav til alle innretningar som som nyttar seg av IKT-betalingsautomatar, PC-ar med mer."*

Fylkesdelplanen Deltaking for alle - universell utforming vart vedteken av Fylkestinget 13. juni 2006. I planen er digital deltaking eit av områda det vert sett tidsfrister for universelt utforma IKT- tenester og produkt. ( 2009 og 2019).

Forslaget om innføring av tidsfrister for krav om universell utforming av IKT, forankring av kravet i ny diskriminering og tilgjengelighetslov, lova sitt virkeområde og definisjon av omgrepet er såleis i tråd med tidlegare vedtak frå Fylkesutval og Fylkesting.

Det er positivt at arbeidet med standardar og retningsliner kjem i gang, og at tidsfrist for innføring av krava settes så snart som rå er etter at dette arbeidet er ferdig.

Fylkesdelplanen legg til grunn at deltaking for alle krev heilskapleg grep innanfor alle samfunnsområde, også IKT. Det skal difor vere ein høg terskel for dispensasjon frå kravet om universelt utforma IKT.

Kommunar og fylkeskommunar må få nødvendige økonomiske midlar til å oppgradere sine IKT-system for å møte krava om universell utforming.

Fylkesrådmannen er positiv til forslaget. Det er i samsvar med fylkesdelplanen.

Når det gjeldt tidsfrist for universell utforming av eksisterande IKT er 2021 for lang tid, med den raske utskiftingstakt som er på IKT-område. 1. januar 2019 bør vere ein passande frist for oppgradering av eksisterande IKT.